

TETTSTADANALYSE FOR VOLDA SENTRUM

Det vert folkemøte **onsdag 07.02.07 kl. 19.00** i **Samfunnshuset 1.etasje** med presentasjon av den ferdige tettstadanalysen for Volda sentrum.



Tettstadanalysen er ein dokumentasjon på utviklinga av tettstaden Volda og skal fungere som ein kunnskapsbase og utgangspunkt for vidare diskusjonar om korleis tettstaden Volda skal utviklast. Tettstadanalysen vil vere eit sjølvstendig referansegrunnlag for seinare prosjektvurdering og kan også nyttast av alle andre som er interessert i bakgrunnsstoff om tettstaden Volda.

Tettstadanalysen skal ligge til grunn for arbeidet med kommunedelplanen for Volda sentrum, og vil gjennom denne også vere grunnlag for framtidige reguleringsplanar.

Ein foreløpig versjon av tettstadanalyse finn de på www.volda.kommune.no

KOMMUNEDELPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Vi tek framleis imot innspel til planarbeidet. Innspel må vere skriftlege og skal sendast til Volda kommune, Samordnings- og utviklingsstaben, Stormyra 2, 6100 Volda, eller ved e-post postmottak@volda.kommune.no **innan 19.mars 2007**. Har du sendt inn innspel tidlegare treng du ikkje sende nytt.